



Tre veker etter at salet av Uskedalsbrødet starta den 8. januar held salet seg framleis godt oppe. Medan dei i starten vart seld rundt 50 brød om dagen ligg gjennomsnittet framleis rundt 40, opplyser brødansvarleg Kari Ljosnes på SPAR til uskedalen.no.

- Det er heilt utruleg. Eg var førebudd på at salet ville dabba av ein god del etterkvart, men det har altså ikkje skjedd. Framleis kjem folk frå nærsagt heile kommunen for å kjøpa Uskedalsbrødet og ein betre attest kan det ikkje få, seier Kari.

Inntil middagstider onsdag hadde butikken seld 701 Uskedalsbrød og det blir eit gjennomnitt på 35 på kvar salsdag sidan starten. Og det er grunn til å minna om at dei brødslaga som normalt sel best i butikken plar liggja på 10-15 eksemplar om ddagen.

- Og kva er forbrukarane sin dom over brødet?
 - Sjølv sagt kan ein ikkje venta å treffa blink hos alle med eitt brød. Men det har ikkje kome mange kritiske kommentarar, dei aller fleste har vore positive, svarar Kari.

To av kommentarane vi fanga opp i farten onsdag var at brødet ikkje er så godt dagen etter kjøpet og at det skulle ha vore grovare.....

Av Ola Matti Mathisen